

Snart fullt på Dønhaug i morgen

25.12.2012



Så er det klart for ny romjulsdans på Dønhaug i regi av Festidalen. Den opnar med quiz og held fram med platesnurring ved ingen ringare enn Torgrim Øyre.

Pressesjef Hege Digranes kan i ettermiddag mælda om stor oppslutnad. Det er berre på Statoil på Husnes det no er nokre ledige biletar att og skulle det bli nokre til overs også der vil dei bli selde ved inngangen.

Hege har også ei anna viktig melding: Band nummer 3 er booka til festivalen i august (over). Og det er eit som har mange fans rundt om.

Det er ein nederlandsk rockeduo som kaller seg Death Letters som blir karakterisert som ekstremt talentfulle og som ein sjærmerande kombinasjon av Willy Cluik, Muse og The Mars Volta.

Duoen har vore på turne verda rundt og det er ein liten sensasjon at dei set kursen mot Uskedalen.

Av Ola Matti Mathisen



Torgrim snurrar platene på Dønhaug i morgen